

Vellukka Bøkkerveldar på Rød**13.07.2006**

Som ein del av 10 års markeringa vart det i år skipa til to Bøkkerveldar. Om lag 60 møtte fram kvar kveld. Kjell Borge Olsen saman med sonen, Leif Henrik, stod for utruleg flott jazzinspirert musikk. Karina Opdal var vokalist og fleire andre musikarar tok del.

Programmet var om lag det same begge kveldane. Det vart servert lubbesild og poteta. På begge kveldane vart det med representantar frå Hjørnevåg,- fiskematprodusenten som i 10 år leverer maten til Bøkkerveldane. Ein anna god samarbeidspart, Spar butikken i Uskedalen, var også med på Rød.

Ved midnattstider vart det brent bål i stranda. Den eine kvelden vart det synt notkast frå færing.

Overskotet frå tilskipinga går til kostnader med ny kai. Kaien vert påbyrja no i sommar og skal vera ferdig i god tid før nestre sommarsesong.